



## Notat

Dato: 27.08.2018  
Arkivsak: 2014/17256-73  
Saksbehandlar: gurklyv

---

**Til:** Anne Gine Hestetun, Fylkesordfører

---

**Frå:** Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

---

### **Tinglysing av avtale om rett til å ha liggande vassleidningar mm. - Fløksand i Meland kommune**

Hordaland fylkeskommune er eigar av gnr. 4 bnr. 1, 25 og 63 på Fløksand i Meland kommune. Ein stor del av eigedomen er leigd ut til Stiftelsen Meland Golf & Naturpark.

Den kommunale vegen frå Fløksand til Beitingen går gjennom eigedomen vår. Meland kommune bygde i 2016 ny vassleidning langs den kommunale vegen på denne strekningen, og i same grøft vart det lagt kablar for fiber og veglys. I tillegg vart det sett opp stolpar for veglys langs vegen.

HFk v/Eigedomsavdelinga og Stiftelsen Meland Golf & Naturpark var i møte med kommunen undervegs for å sikre eit godt samarbeid før og under anleggsperioden, og for å finne gode løysingar for traséen langs den kommunale vegen.

Meland kommune ønskjer å tinglyse avtale m/leidningskart som gjev kommunen rett til å ha leidningar, kablar og stolpar for veglys på vår eigedom. Vedlagt følgjer standardavtale som Meland kommune nyttar ved slike anlegg.

Vi ber om at avtalen i 2 eksemplar vert signert. Dokumenta vil deretter verte sendt til Meland kommune for underteikning.

Guro Klyve  
Leiar forvaltning  
Eigedomsavdelinga